



Fornøgde skiløparar i Tveitedalen.

**Kvinnheradsrennet i langrenn vart arrangert i Tveitedalen skisenter laurdag. Det deltok i overkant av 100 løparar, og i tillegg til deltakarane frå Kvinnheradslaga, kom det også om lag 30 frå lag i andre kommunar. Desse kom frå Vossetraktene, Bergensområdet, Hardanger og Stord. I rennet var også Kvinnheradmeisterskapet 2015 lagt inn, og 6 unge uskedelingar vann dette meisterskapet.**

Rennet føregjekk i klassisk stil, og sjølv om det var striregn og dårlege verforhold, dempa ikkje dette på humøret til løparane. Det var Uskedal idrettslag og idrettslaget Ternen som stod for arrangementet i det flotte skianlegget i Tveitedalen, og Knut Johannes Ripel, leiar i skigruppa i UIL, takkar for godt samarbeid på heimesida til UIL.- Sidan rennet gjekk i Tveitedalen, eit flott og komplett anlegg, havna mesteparten av det store arbeidet på dei. Nyttar difor høvet å takka for samarbeidet, samt gje teamet i Ternen honnør for eit flott gjennomført renn, skriv m.a. Ripel der.

I rennet inngjekk også Kvinnheradsmeisterskapet 2015, og desse 6 uskedelingane vart Kvinnheradsmeistrar: Emma Myklebust Ripel(J 11), Silje Soldal(J 12), Hanna Tvilde(J 13), Veslemøy Haugland(J 15), Johannes Haugland(M 17) og Kari Bråtun(K 18/19). Vi gratulerer vinnarane, og i tillegg var det mange andre som viste svært gode takter.

De finn meir stoff om rennet på [UIL si heimeside](#). Der finn de og komplett resultatliste og fleire bilete.



[Andrea Hjelmeland i flott driv!](#)

Tekst og nett: Thor Inge Døssland  
Foto: Knut Johannes Ripel